












## Vekeplan for 2. steg veke 5

		MÅNDAG 29/1	TYS DAG 30/1	ONSDAG 31/1	TORSDAG 1/2	FREDAG 2/2
1	08.50-09.35	Norsk	Fellssamling i mediateket	Symjing i Sogndal Avreise frå LBS: 09.05 Retur frå Kvåle: 12.15 	Tema: Kroppen min 	 Uteskule
2	09.35-10.20	Engelsk	Stasjonar		Norsk	
3	10.35-11.30	Skulen les	Norsk		Matte	
4	12.00-12.45	Kunst og handverk	Tema: Kroppen min Helsesjukepleiar kjem på besøk 			
5	12.45-13.30					
<b>LEKSER:</b> 		<b>TIL TYS DAG:</b>		<b>TIL ONSDAG:</b> Pakk symjebag! Du treng badedrakt/ badeshorts, handduk, såpe og byteklede. Det er ikkje påkrevd med badehette.	<b>TIL TORSDAG:</b> Finn ein tekst du sjølv ynskjer å lese. Lag deg eit rom i rommet (under eit bord, lag deg ei hytte eller kanskje set deg i badekaret), ta med deg eit kosedyr og les litt for det.	<b>TIL FREDAG:</b> Pakk tursekken din. Du treng klede til å vera ute i, mat, drikke og sitjunderlag. Dei som vil kan ta med bålmat og ein vedkubbe. Ekstra sokkar og vottar i sekken er lurt.
<b>Vekeleke lesing:</b> Set kryss over ruta når du har lest 10-15 min (har du lest godt på leseleksa, kan du fylla tida med anna sjølvvald tekst).		Les teksten « <b>Kropp er topp!</b> » og « <b>Bruk kroppen</b> » som er limt inn i leksebok 2.. Du skal lesa i 10-15 minutt kvar dag, så då klarar de kanskje også å lesa teksten fleire gonger. Få gjerne mamma eller pappa til å lese den til deg fyrst, slik at du kjenner att innhaldet. 😊				
		Eg har lest til tysdag 	Eg har lest til onsdag 	Eg har lest til torsdag 	Eg har lest til fredag 	
<b>Norsk øveord:</b>		<b>Matematikk øveord:</b>		<b>Engelsk øveord:</b>		
Kropp Hovud Arm Hand Fot	Bein Øyrer Auge Nase Munn	Addisjon Tiar Einar Tal Siffer	Body - kropp Head - hovud Arm - arm Hand - hand Leg - bein	Foot - fot Ears – øyrer Eyes – auger Nose – nase Mouth - munn		



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm: 57 65 26 13  
Telefon SFO: 99 57 88 58



	<b>Dette arbeider me med denne veka</b>
<b>Norsk</b>	Setningar og samansette tekstar. Punktum, store og små bokstavar.
<b>Matematikk</b>	Addisjon med tala til 100
<b>Engelsk</b>	Look at me; the body
<b>Kroppsøving</b>	Vasstilvenning /rørsleaktivitet i snø
<b>Tema</b>	I veke 4-6 arbeider me med temaet «Kroppen min», og i veke 7-10 arbeider me med temaet «Meg og mine» i naturfag, samfunnsfag, KRLE, musikk og K&H.



## Meldingar til heimen



### Fellessamling

Tysdags morgon samlast heile skulen i mediateket for ei felles økt arrangert av 3.steg. Det er alltid kjekt når vi samlast slik. Her får vi øva på å sitje i ro, vise respekt og å vera eit godt publikum, samt får kjenna på det å vera del av skulefellesskapen. 😊

### Besøk av helsesjulepleiar

I anledning periodetema, «Kroppen min» og «Meg og mine», kjem helsesjulepleiar Elin Trollebø på besøk til oss tysdag 30. januar. Elevane har fått beskjed om å tenkje over ting dei lurar på, og har fått høve til å stille spørsmål (både anonymt og ikkje-anonymt). Vi trur dette vert ei interessant økt med mange gode diskusjonar.

### Symjing

No har vi hatt symjing i Sogndal i nokre veker, og vi byrjar å koma godt inn i rutinane der. Elevane er flinke både i bassenget og i økta på Kvåle skule. Ein fin gjeng å reisa på tur med! Pass på at de kún sender med dei **ein** sekk denne dagen, og at mat, drikke og frukt ligg i denne. Det er dumt om dei ikkje får med seg maten (sjølv om me alltid ber dei om å sjekke dette). Dei som har mjølk og frukt på onsdagar ynskjer ikkje alltid å ha med seg denne. Det er dumt å betale for noko ein ikkje nyttar. De kan godt snakke om dette heime, då vi har symjing kvar onsdag ut skuleåret.

### Byteklede

Det er mykje uteaktivitet i skulen og på SFO no når snøen tilrettelegg for aking. Sjekk korgar for byteklede og send med klede som er gode og varme.

Ynskjer dykk ei fin veke! 😊  
Stine og Siv Jane



Siv Jane Tufte Mardal  
[siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no](mailto:siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase  
[stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no](mailto:stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 93 26 51 18